

Miljøverndepartementet  
avd. for naturforvaltning  
postboks 8013 Dep,  
0030 OSLO

## Melding om administrativt vedtak

Saka er handsama som saksnr. 51/10

Du vert med dette underretta om at det er fatta følgjande vedtak:

Sogndal kommune meiner at godtgjersle for forsøk på skadefelling av rovvilt ikkje må vere under kr. 200,- pr. time. I tillegg kjem refusjon av naudsynte utgifter t.d. køyregodtgjersle, bompengar , innleige av hund m.m.

All deltaking i heile fellingsforsøket ( lovlig felling etter løyve frå offentlege myndigheiter) skal godtgjerast utan omsyn til oppsett budsjettramme. Godtgjersle må gjelde alle som deltek i eit fellingsforsøk etter oppmoding frå jaktleiar, og utkikspostar og jegerar som er godkjende av kommunen.

Fylkesmannen eller SNO skal bidra med rådgjeving og vegleiing i samband med fellingsforsøk.

Godtgjersla må kome frå ny budsjettpost som vert administrert av Fylkesmannen men ikkje frå post som skal nyttast til førebyggjende og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltning.

Med helsing  
Sogndal kommune



Einar Nedrelo  
Tenesteleiar

Eva Nilsen Huke  
Fagkonsulent

Vedlegg: Saksframlegg